



Tokke kommune
Plan, næring og teknisk etat

Sweco Norge AS

Att.: Alexander Stettin

Dykkar ref:	Vår ref 2020/3047-2	Saksbeh: Gunhild Austjord,35075241	Arkivkode: L12	Dato: 10.09.2020
-------------	------------------------	--	-------------------	---------------------

26/4 - Referat frå oppstartsmøte - ny reguleringsplan for Omdal skifer

Tilstades:

Frå Tokke kommune, Gunhild Austjord
Grunneigar Jan Olav Kollberg
Sweco Norge AS: Alexander Stettin og Ragnhild Eiesland

Grunneigar på gnr 26 bnr 4 og eigar av steinbrotet Omdal skifer – Jan Olav Kollberg, ynskjer å setje i gang arbeidet med ny reguleringsplan for området. Tidlegare reguleringsplan for steinbrotet, hadde rettsverknad i 10 år frå vedtaket 02.12.2008, dvs fram til 02.12.2018. Sweco er engasjert til å utarbeide planen.

Planområdet ligg i eit geologisk belte med kvartsskifer av veldig god kvalitet. Tokke kommune syns det er positivt at denne naturressursen blir bruka i næringsverksemd.

Planavgrensing: Berre ein liten del av planområdet i 2008 – planen er teke i bruk til steinbrot. Forslagsstillar ynskjer å halde på planavgrensing til opprinneleg plan.

Sweco hadde i forkant av oppstartsmøte, sendt over vurdering i høve til føreskrift om konsekvensutgreiing (KU). Tokke kommune som planmynde er samd i konklusjonen om at planarbeidet ikkje løyser ut krav KU. KU – vurderinga vert lagt ved varselet om oppstart av planarbeid.

Tokkeåi naturreservat ligg eit godt stykke nedunder planområdet. Planarbeidet må omtale korleis omsynet til naturreservatet skal gjerast i høve til fare for evt avrenning samt å unngå utrasing av lause masser frå steinbrotet. Me syner elles til naturmangfaldlova §§ 8-12 som må vurderast i planarbeidet. Omsynet til viltinteresser må òg vurderast her.

Omsynet til støy blir viktig i planarbeidet, jfr klager frå nabo og sak i høve til forureiningslova frå Fylkesmannen i høve til dette. Støyutgreiingar i høve til pigging eller sprenging må leggjast ved planarbeidet for å vurdere terskelverdiar i høve til støy mot nabo-grender.

Uttaksretningar, vurdering i høve til skjerming i form av t.d. vegetasjon eller fjellrygg, plan for etappevis uttak, avslutning av dei delar som er ferdigstilte, bevaring av masser til avslutning/ atttendeføring osv. må vurderast i planarbeidet. Delar av desse temaene blir ein del av driftsplanen for brotet og me ynskjer difor oppstart/ utarbeiding av driftsplan parallelt med reguleringsplan for å sikre samanhengen med drifta.

Kollberg opplyser om at etterbruken på delar av anlegget skal vere skogsbilveg og snuplass for tømmerbil. Planen må seie noko om tidsperspektiv og attendeføring etter uttak.

Planarbeidet må elles følgje opp andre relevante og lovpålagte tema i planomtala, slik som ROS – analyse m.m.

Varsel om oppstart av planarbeidet må ha minst 4 veker varslingsfrist.

Planmaterialet med oppstart av planarbeid osv. sendast postmottak@tokke.kommune.no. Annonsering på heimesider kan i tillegg sendast vibeke.beisland@tokke.kommune.no.

Geodata – informasjon kan dykk få ved å vende dykk til kart- og oppmålingsingeniør tommy.vadder.hansen@tokke.kommune.no.

Med helsing

Gunhild Austjord
Kommunalsjef for plan, næring og teknisk

Kopi til:

Jan Olav Kollberg	Ravnejuvvegen 281	3890	Vinje
Bjønn Fauske Lysdahl	Skålebygdi 291	3890	Vinje

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.